



## **Jakobine Markussen,**

**Grasmyr.**

**(Nokre minneord).**

**Jakobine har vore mykje her i Målselv. Hos oss har ho vore i ganske 1 1/2 år.**

**Ho var ei sers gild gjenta, snar og flink i sit arbeide. I godlaget var ho støtt, og ho hadde ein uvanlig evne til å skape stemning og liv kring seg. Ho hadde ein sers klår hjerne, ho var erleg, grei og påliteleg både i ord og gjerning. Aldri tala ho ondt om nokon, ho tok alt i ei god meining og støtt var ho i godt humør. Ho var til fullan eit aparta godt menneskje som ein ikkje kunne bli kjent med utan at ein samstundes måtte halde av ho.**

**Når ho fikk ein slik trist burtgang, så kan vi som kjenner til tilhøva ikkje skjønne anna enn at det hennar livslagnad som var laga slik. Utan det er hennar bortgang så heilt uforståelig og gåtefull; men lell må ein uvilkårlig kome til å spyrja, kofor skulde ho som var så snild og flink og i alle måtar eit så godt menneskje få så stutt levetid? Vi kann likesom ikkje forstå styraren si meining med denne triste hendinga. Men han hadde vel ein plan med dette som med alt anna og vi pliktar å tru at meininga hans også denne gang var den rette.**

**Vi som lerte Jakobine å kjenne vil minnast ho som den ho var: Alltid blid, alltid snild og med eit skjeldent arbeidsmot, og ho fekk gjort mykje den stutte tid ho hadde til sitt rådevelde.**

**Skulde eg med få ord gi ho ein attest, so måtte det bli på lag dette: Ho var eit framifrå menneskje som etterlet seg eit fagert minne.**

**Målselv den 20-11-37.**

**Eidnes Holmen.**